



Eivind Antoniazzi  
Orrestein 3 i  
5916 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/2802 - 17/30220

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:  
20.10.2017

## Løyve til fasadeendring - gbnr 185/331 Isdal

### Administrativt vedtak. Saknr: 479/17

**Tiltakshavar:** Eivind Antoniazzi  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om innsetting av vindauge i fasade mot felles parkeringsplass. Det vert elles vist til søknad motteken 12.09.2017.

#### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 12.09.2017 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

#### Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for «Juvikstølen» er definert til bustadføremål.

#### Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

#### Uttale frå andre

Styret i Orrestein velforening «har godkjent forespørselen frå 3i, om å få sette inn vindu i vegg mot parkeringsplassen». Dette ihht. skriv datert 08.09.2017.

#### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå naboar.

#### VURDERING:

##### Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til sin funksjon, og dei bygde omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2



### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-4 vert det gjeve løyve til innsetting av vindauge med bredde 149cm og høgde 109cm på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i teikning og bilete vedlagt søknad mottaken 12.09.2017 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/2802.

### Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

### Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

### Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Mottakar: Eivind Antoniazzi Orrestein 3 i 5916 ISDALSTØ